



**BYGLAND  
KOMMUNE**

Med hjarta i Bygland

## Byglandsnytt nr. 55 – mars 2024

*Informasjon frå Bygland kommune*

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700,  
post@bygland.kommune.no. [www.bygland.kommune.no](http://www.bygland.kommune.no)  
Neste utgåve: 03. april 2024. Send tips innan 26.03.

### Helsing frå ordføraren



Så var vi plutseleg i mars, den fyrste vårmånaden. Det blir godt med lysare dagar. «Eit under så stort, kvart einaste år, seint eller tidleg, alltid ein vår», skreiv Ingvald Langemyr i eit dikt om våren.

Ei sak som har vore debattert i både kommunestyret og i lokalavisa er «tal som bekymrar». Bygland har eit høgare tall bekymringsmeldingar til barnevernet enn våre nabokommunar. Bak kvart einaste tal er det eit born og ein familie som treng oppfølging av ymse slag. Vi veit at det er fleire årsaker til dette, og at vi må jobbe tverrfagleg og breitt med denne problematikken.

Borna og ungdommen er det kjæraste vi har, og korleis vi tek vare på dei som treng det mest seier mykje om samfunnet vårt. Tidleg innsats er essensielt, og godt samarbeid mellom etatane er viktig. Eit inkluderande kulturliv, møteplassar og aktivitetar som flest mogleg kan og vil delta på er ein del av løysinga. Men gode naboar er også ein vesentleg del av løysinga. Difor må vi halde fram med å vere gode naboar og medmenneske, og gjere vårt for å ta vare på dei rundt oss.

Vidare jobbast det frå fleire hold med situasjonen rundt bustadar, tilflyttarar, tomter og «tomme hus». Kan vi få meir omsetning av «tomme hus»? Det er mange opne spørsmål, og er tema mellom anna på ei samling på Stoga kulturkafe torsdag 21. mars. Både huseigarar, grunneigarar, moglege tilflyttarar og andre med interesse for saka bør absolutt ta turen. Også i politikken skal vi jobbe konkret med dette framover.

Det er gledeleg at nytt ungdomsråd no er valt. Medverknadsråda som Ungdomsrådet og Råd for eldre og funksjonshemma er viktige stemmar. Vi treng å vite kor skoen trykkar, særleg for dei som treng det mest. Då treng vi å samarbeide over ein låg sko. Vi treng heile laget, innbyggjarane, kommunen, politikarane, dei frivillige og næringslivet.

Det er mykje spennande på gong. Vi får snart tilsett ein «Moglegheitsutviklar». Levekårskoordinator blir også tilsett i vår. Vi jobbar altså breitt for at Bygland kommune skal bli enda betre å bu i, drive verksemd i, og besøke. Klarar vi å jobbe saman, så er det berre moglegheiter.

## Mvh Runar Granheim, ordførar i Bygland

### Opningstider Bygland kommunehus

- Sentralbord/**Publikumsmottaket**: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

*Opningstider i påskeveka blir annonsert i Setesdølen og på kommunen sine infokanalar.*

*Me ønskjer alle ein riktig god påske!*



**Evje og Bygland legesenter tlf. 37 40 79 00** - Legevakt tlf. 116 117

telefontider måndag – fredag 08.30 – 11.30 og 13.00 – 15.00

- **Bygland legekantor**, Sentrum 18, 4745 Bygland
- **Evje legekantor**, Ljosheimvegen 5, 4735 Evje

	Bygland	Evje
måndag		08.00 - 15.00
tysdag	08.00 - 15.00	08.00 - 15.00
onsdag	08.00 - 15.00	08.00 - 15.00
torsdag	08.00 - 15.00	08.00 - 15.00
fredag		08.00 - 15.00

**Tannlegeklinikken i Bygland** via Evje tannklinik tlf. 37 93 01 95

Sentrum 18, 4745 Bygland, 2. etg. på kommunehuset

**Folkebiblioteket i Bygland** v/ Mari Rygg, tlf. 945 22 025

	Bygland	Byglandsfjord	Folkebiblioteket er stengt i veke 11 grunna påskeferie. <b>GOD PÅSKE!</b> 😊
måndag	11.30 – 15.00	16.30 - 19.00	
tysdag	16.00 – 18.00	10.00 – 14.15	
torsdag	13.00 – 17.00		

## Kunngjeringar

### **No kan du kjøpe det Gamle heradshuset for 1 krone!**

Bygland kommunestyre har vedteke å selje det Gamle heradshuset i Bygland sentrum for kr. 1.-

Kommunen ser føre seg at dette kan vere eit interessant objekt for private aktørar som ønskjer å skape ny aktivitet Bygland.



*Bilete: Gamle heradshus på Bygland.  
Fotograf: Susanne Hegenscheidt*

Følgjande vilkår er sett for sal av eigedomen:

- Det Gamle heradshuset blir lagt ut for sal for kr. 1.
- Potensielle kjøparar må legge fram eit forretningskonsept som viser korleis kjøpar planlegg å utvikle eigedomen.
- Kjøpar pliktar å sette i gong utvikling av eigedomen innan seinast 3 år etter at kjøpekontrakta er underskriven. Om ikkje, kan Bygland kommune kjøpe eigedomen tilbake for salspris.
- Dei innkomne søknadane vil bli lagt fram for kommunestyret til avgjerd i kommunestyret 19 juni 2024.

Over eigedomen, gnr 47, bnr 37, går det veg til Bygland barnehage. Eigedomen grensar også til barnehagen, gnr 47, bnr 50 samt gnr 47, bnr 126 og gnr 47, bnr 81.

Ved sal må ein sjå på disponeringar som veg/vegrettar, grenser, parkering, snørydding, avfallshandtering ol. Tilbydar bør komme med forslag på korleis ein ser føre seg å løyse arealutfordringane. Bygland kommune, som eigar av naboeigedomane, vil kunne vurdere moglege/hensiktsmessige endringar på dagens eigedomsgrenser for å få ei god utnytting av tomta til bygget.

Med forretningskonsept tenkjer ein på korleis ein ser for seg å utvikle eigedomen, kva husa kan brukast til og korleis kan ny bruk kan bli tilpassa dagens struktur. Kva endringar må til i arealformåla og kva verksemd høver? Vedlagt forretningsplan kan brukast.

Det blir lagt til rette for at interesserte kan kome på synfaring inne i bygget, torsdag 21 mars kl. 15.00 – 18.00.

Frist for innlevering av søknad søndag 5. mai kl. 23.59.

Send søknad til: [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no)

For mal for forretningsplan og teikningar over bygget sjå heimesida vår.

### Kontaktinformasjon:

Aslak Jørundland Brekke

Leiar samfunn/ass. kommunedirektør

E-post [aslak.brekke@bygland.kommune.no](mailto:aslak.brekke@bygland.kommune.no); mobil 91 69 36 75

*Kunngjeringar frå Bygland kommune finn du på heimesida: [bygland.kommune.no/kunngjeringar/](http://bygland.kommune.no/kunngjeringar/)*

### Politiske møte, sakspapir og protokollar

- **Kommunestyremøte:** 14.03. kl. 09.00

### Ledige stillinger i Bygland kommune

#### **Bygland Kommune, Helse og omsorg: Ferie- /sommarvikarar 2024**

Søknadsfrist: snarast

Webcruiter-ID: 4706676341



#### Om stillinga

Bygland kommune har behov for ferievikarar til eining for helse og omsorg sommaren 2024. Kjerneperioden er 1.6.24 - 11.8.24, men det vil vere mogleg å starte tidlegare for nokon, samt arbeide lenger for andre. Stillingsstorleiken vil vere varierende ut frå våre behov, men for dei aller fleste vil den ligge mellom 60-100 %.

Vi søker flinke og pliktoppfyllande sommarvikarar til Byglandsheimen (sjukeheim), open omsorg (heimebaserte tenestar), psykiatri og habilitering, samt innan kjøkken og heimehjelp (praktisk bistand).

- Alle over 17 år med interesse for fagfeltet kan søkje.
- Søklarar til open omsorg må ha førarkort klasse B.
- Søklarar til heimehjelp må ha førarkort klasse B og disponere eigen bil.

Det er viktig at du i søknaden oppgjev kva for periode du kan arbeide. Dei som kan jobbe heile sommarperioden vil bli prioritert.

For ytterlegare informasjon, ta kontakt med:

- Psykiatri / habilitering/ heimehjelp: Avdelingsleiar Silje Christine Stangvik, tlf. 97 75 00 26. E-post: silje.stangvik@bygland.kommune.no
- Byglandsheimen / open omsorg: Avdelingsleiar Sofie Oliegreen, tlf. 94 18 90 36. E-post: sofie.oliegreen@bygland.kommune.no

Sjuke-/vernepleiar-/legestudentar som er ferdige med studiane tidlegare enn kjerneperioden bes om å ta direkte kontakt med oss.

### Arbeidsoppgåver

- Turnusarbeid for stillinger i pleien.
- Vanleg arbeidstid for stillinger innan heimehjelp, kjøkken, reinhald, m.a.

### Kvalifikasjonar


- Fagutdanna, eller søkjarar under helsefagutdanning blir prioritert
- Det vert kravd gode kommunikasjonsferdigheiter i norsk, både skriftleg og munnleg
- Det er ønskjeleg med grunnleggande IKT-kunnskap

### Kontaktinformasjon

Leif Sigurd Helle, Tenesteleiar helse-og omsorg, +4795052813,  
leif.sigurd.helle@bygland.kommune.no

## Tilkallingsvikarar ved Byglandsfjord- og Bygland oppvekstsenter

Oppvekstsentra i Bygland treng fleire tilkallingsvikarar som kan steppe inn ved behov.



Vi trengt vikarar både ved skulane, i barnehagane og på SFO.

Det er ønskjeleg med utdanning som lærar, barnehagelærar eller fagarbeidar, men ufaglærte kan òg søkje.

### Har du spørsmål?

- Sigrid Greibrokk - Konstituert styrar Bygland barnehage; E-post sigrid.greibrokk@bygland.kommune.no; mobil 95 74 60 56
- Siw Homme - Konstituert styrar Byglandsfjord barnehage; E-post siw.homme@bygland.kommune.no; mobil 95 11 69 60
- Lene Fjerdingsstad - Konstituert rektor; E-post lene.fjerdingsstad@bygland.kommune.no; mobil 97 50 64 14

- Linda Hemmestad Dale - Konstituert rektor; E-post linda.hemmestad.dale@bygland.kommune.no; mobil 41 30 24 16

## Drift og forvaltning

### **Ekstra tilskot til grøfting/drenering på Agder 2024**

Fylkestinget i Agder vedtok i desember 2023 å løyve 1 million kroner til landbruket for å auke dreneringsaktiviteten i fylket.

Fylkeskommunen bidreg med tilskot til drenering av dyrka mark i 2024 etter følgjande satsar:

- Systematisk grøfting, profilering og omgraving: 2 000 kroner per dekar.
- Annan grøfting: 30 kroner per løpemeter grøft avgrensa oppad til 2 000 kroner per dekar.



Tilskotet er eit supplement og styrking av den statlege ordninga til drenering som i dag blir forvalta av kommunane. Midlane erstattar ikkje dei statlege midlane, men skal forsterke desse. Ekstraordinære midlar frå fylkeskommunen føreset difor godkjent statleg dreneringstilskot frå kommunen og med mål om å forbetre jordkvaliteten.

### **Søknadsprosessen**

Det er eit mål at ordninga skal vere enkel å søke på:

- Du søker først om ordinært statleg tilskot til grøfting/drenering til kommunen
- Når kommunen har godkjent søknaden, blir ein kopi av kommunen sitt tilsagnsbrev sendt til Agder fylkeskommune på e-post: postmottak@agderfk.no. Fylkeskommunen vurderer tilsagn om ekstraordinært tilskot og sender tilsagnsbrev.

Når arbeidet er gjennomført, blir det sendt kopi av vedtak om utbetaling frå kommunen, og fylkeskommunen betaler ut ekstratilskotet frå fylkeskommunen på bakgrunn av dette.

Tilskotsordninga gjeld søknadar som er innsendt frå 01.01.2024 og tiltak som ikkje allereie er igongsett.

Tiltaket må vere gjennomført i løpet av 2026.

### **Meir informasjon?**

Landbruksrådgjevar i kommunen eventuelt Norsk Landbruksrådgivning (NLR - grøfteplanar), eller Agder fylkeskommune (ekstratilskot) kan svare på spørsmål.

Informasjon om den statlege ordninga finn du på nettsidane Lovdata.no eller hos Landbruksdirektoratet.no.

### **Klima- og miljøprogrammet i jordbruket**

Statsforvaltaren i Agder har fått fylkesvis tildeling innanfor Klima- og miljøprogrammet i jordbruket.

**Søknadsfrist: 01.04.2024**

Programmet omfattar tiltak som er knytta til:

- klimatilpassing
- klimagassutslepp
- jord
- naturmangfald/kulturminne i kulturlandskapet



*Bilete: Marit S. Kvaale*

forureining til vatn, jord og luft

Du kan lese meir om programmet på Statsforvaltaren i Agder si nettside: [statsforvalteren.no/nb/agder/Landbruk-og-mat/Jordbruk/Miljotiltak/](https://statsforvalteren.no/nb/agder/Landbruk-og-mat/Jordbruk/Miljotiltak/)

### **Økonomi og administrasjon**

#### **Informasjon til dei som mottek faktura kvar månad på kommunale avgifter**

Økonomiavdelinga ønskjer å informere om at utsendinga av faktura på kommunale avgifter er forsinka



Normalt skulle faktura på kommunale avgifter for januar blitt sendt ut med forfallsdato 20. februar. På grunn av tekniske problem ved overgangen til

nytt økonomisystem, er utsending av faktura på kommunale avgifter forsinka, og forfallsdato vil bli seinare enn vanleg.

Siste utvikling i saka gir håp om at ein får retta dei tekniske feila, og at vi får sendt ut faktura i løpet av veke 8.

Vi er lei oss for dei ulempene dette medfører.

Dei som mottek fakturaer på kommunale avgifter kvartalsvis eller årleg, kan sjå bort frå denne informasjonen.

## **Eigedomsskatt 2024**

Med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak vert det i 2024 skrive ut eigedomsskatt på kraftverk og kraftnett, jf. eigedomsskattelova § 3 c.

Det blir og skrive ut eigedomsskatt på det som tidlegare var definert som verk og bruk, jf. overgangsreglane til den nye eigedomsskattelova.

Med heimel i eigedomsskattelova §15, vert eigedomsskattelista lagt ut til offentlig ettersyn i tre veker frå den 27.02.2024.

Skattelista blir og lagt ut på kommunehuset til gjennomsyn

Bygland eigedomsskattekontor

*For meir informasjon sjå Bygland kommune si heimeside.*

## **Helse og Omsorg**

### **BYGLANDSHEIMEN**

**Open dag** - onsdagar kl. 11.00 – 14.00

Velkomen til hyggeleg treff i Storstoga på Byglandsheimen med kaffe, ein smakebit og varierende underholdning.

Ansvarleg: Kenneth Fyhn, tlf. 90 22 55 03, trivselskoordinator på Byglandsheimen



*Bilete: Byglandsheimen av Margit Smedsland*

### **Flyktingteneste informerer:**

#### **Vil du/dykk tilby språkpraksisplass?**

Flyktingane treng ein språkpraksisplass. Kan arbeidsplassen din bidra?

Bygland kommune har busett ca. 50 flykningar i 2022 og 2023. Mange av desse er vaksne som deltek i introduksjonsprogrammet med mål om å få arbeid eller utdanning, og vi treng nye praksisplassar i tida framover.



Ved å gje ein flyktning ein sjanse til å lære om arbeidslivet og trene på å snakke norsk gjer arbeidsplassen din ein viktig jobb for integrering.

Deltakarane som er i språkpraksis har rett på introduksjonsstønad. Det vil seie at det er kommunen som betalar «lønn» mens deltakarane er i språkpraksis.

### **Kvifor skal du tilby språkpraksis?**

- Deltakar i praksis kan bidra med arbeidskraft i bedrifta.
- Det gjev bedrifta di moglegheit til å rekruttere.
- Dykk bidreg til fleire i jobb og eit sosialt berekraftig samfunn.



*Bilete: Arbeidsplass. Fotograf: pixels.com*

### **Kva forpliktar bedrifta seg til?**

- Inkludere deltakaren fagleg og sosialt på arbeidsplassen.
- Motivere deltakar til å lære om norsk arbeidsliv og snakke norsk
- Ha ein medarbeidar som hjelper deltakar på arbeidsplassen
- Gje deltakaren ein referanse til hjelp ved framtidige jobbsøk

### **Vil du tilby praksisplass til flyktingar?**

Du kan ringe 950 41 185 ELLER sende ein e-post til:  
[gro.tove.sandnes@bygland.kommune.no](mailto:gro.tove.sandnes@bygland.kommune.no)

## **Kyrkjene i Bygland**

### **Bygland Kyrkjelege Fellesråd**

Sentrum 18, 4745 Bygland

[bygland.kyrkelyd.no](http://bygland.kyrkelyd.no) og på Facebook.



### **Kontakt**

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472

Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159

### **Gudstenester (med atterhald)**

- søndag 03.03. kl. 16.00 Visitasgudsteneste i Sandnes kyrkje i Åraksbø.



- søndag 24.03. kl. 12.00 Friluftsgudsteneste med dåp;  
Hovatn ved Åraksbø  
**Velkomen alle!**

*Meir informasjon vert lagt ut på kyrkja si heimeside i veke 12: [bygland.kyrkjelyd.no](http://bygland.kyrkjelyd.no)*



## PÅSKE 2024

- torsdag 28.03. kl. 16.00 Gudsteneste i Årdal kyrkje, Grendi
- fredag 29.03. kl. 19.00  
Langfredagsgudsteneste i Sandnes kyrkje, Åraksbø
- søndag 31.03. kl. 16.00  
Høgtidsgudsteneste i Bygland kyrkje



*Øvst: Sandnes kyrkje, Åraksbø; i midten: ved Hovatn; nedst: Årdal kyrkje, Grendi. Alle av S. Hegenscheidt*

## Andakter på Byglandsheimen

- tysdag 19.03., kl. 14.00 v/Kjell Steinbru

## Konfirmanter

- tysdag 12.03. kl. 14.15 Konfirmantundervisning v/ Kjell Steinbru på Vonheim, Bygland
- tysdag 19.03. frå kl. 17.00 Fasteaksjon: bøssebærer i heile kommunen

## Kirkens Nødhjelp: Fasteaksjonen 2024

### HÅP I EIN DROPE VATN

Nesten 800 millionar menneske lever utan tilgang til reint vatn i verda i dag pga. jordskjelv, tørke, flaum, krig eller konflikt. Kirkens Nødhjelp jobbar med akutt bistand i katastrofar og med langsiktige prosjekt for å redusera nød og fattigdom i verda.

Me jobbar for fred og rettferd, og for å redde liv.

I fasteaksjonen samlar me inn pengar til dette livsviktige arbeidet, med særleg fokus på tilgang til reint vatn og dei enorme ringverknadene dette har for eit menneske.



## Aksjonsdagane i år er 17.-19. mars 2024

Bøsseberarane går rundt i Bygland kommune **tysdag 19. mars frå kl. 17.00.**

Det er årets konfirmantar pluss hjelparar som dekker heile Bygland. Tar vel imot dem.

Du kan óg gi eit bidrag digitalt:

- Vipps: 2426
- SMS: VANN til 2426 (300kr)
- Fasteaksjonskonto: 1594 22 87493

**Tusen takk at du er med på årets fasteaksjon!** 😊

## Bygland Frivilligsentral

### KONTAKT:

**Postadresse:** Bygland frivilligsentral, Sentrum 18,  
4745 Bygland, e-post: [post@bygland.no](mailto:post@bygland.no).

[frivilligsentral.no](http://frivilligsentral.no). Nettside:  
[bygland.frivilligsentral.no](http://bygland.frivilligsentral.no)

**Besøksadresse:** Presteneset 2, 4745 Bygland

Ansvarleg for **frivilligsentralen og BUA:** **Guro Kvaale Skibsrud**, tlf. 945 10 770.



### Opne aktivitetar:

- BUA Bygland (tidlegare Utstyrssentralen), [bua.io](http://bua.io), tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka

### Aktivitetar på Bygland frivilligsentral (OBS! ikkje i skuleferien)

- **Språkkafé:** ikkje for tida
- **Bingo:** tysdagar kl. 18.00 – 20.00 (05. og 19.03.)
- **Strikkekafe:** 1.+3. torsdag/månad kl. 18.00 – 20.00 (07. og 21.03.)
- **Måndagskafe:** måndagar i oddetallsveker, kl. 12.00 – 14.00 (11. og 25.03.)
- **Bygdemiddag:** tysdagar i oddetallsveker, kl. 16.00 – 18.00 (12.03.)
- **Styrketrening:** kvar torsdag kl. 13.00 – 14.30 – Byglandshallen
- **Seniorsenter:** måndagar i oddetallsveker, kl. 11.00 – 14.00 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord (11. og 25.03.)
- **Tepebowl:** tysdagar i partallsveker kl. 16.30 – 18.30, Byglandshallen; 07. og 21.03.

Måndagskafé 11.03. kl.  
12.00, Bygland  
frivilligsentral

## FILMFRAMSYNING

Sigmund Lidi syner  
gamle filmar frå  
Bygland



Seniorsenter 11.03., kl.  
11.00, Pakkbua  
Byglandsfjord

## BRIDGE-KURS

Alle er hjarteleg  
velkomne!



**Bygland ungdomsklubb** (ikkje i skuleferien eller høgtider)

Klubbleiar: **Kim Andre Nomeland Thorstensen**, tlf. 984 69 989

**mån:** 18.30 - 20.00, 5. - 7. kl. (Byglandshallen)

**mån:** 20.00 - 22.00, 6. - 10. kl. (Byglandshallen)

**ons:** 19.00 - 22.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen)

1x/månaden: **Fredagsklubb i Årdalshallen**

**fredagar:** kl. 18.00 - 21.00, 5. - 7. klasse.

**neste: 15. mars**



Til sommaren 2024 flyttar ungdomsklubben til det noverande biblioteks-  
bygget i Bygland sentrum. Det blir oppretta ei 20% ungdomsarbeidarstilling  
med fokus på Byglandsfjord. 😊

## Tømekalender for Bygland kommune – mars 2024

- **Mataavfall og restavfall:** veke 10: torsdag 07.03.
- **Papir og plast:** veke 12: tysdag 19.03.
- **Mataavfall og glass/metall:** veke 12: torsdag 21.03.

### Gjenvinningsstasjoner

**Nesmoen, Bygland:** kvar 2. onsdag i måneden kl. 14.00 – 18.00 (13.03.) og 4. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (23.03.)

**Syrtevit:** Fri levering av sortert husholdningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (09.03.)  
*Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: [post@smg-iks.no](mailto:post@smg-iks.no) heimeside: [www.smg-iks.no](http://www.smg-iks.no), tlf.: 37 93 17 00*

### **Redaksjonsnotat - Byglandsnytt NR. 55**

*Bilete: Framside: Byglandsfjord stasjonsområde av Karen Zuleta. Innhold (m. m. anna er spesifisert): pixabay.com, S. Hegenscheidt. Red.notat: Line Haugaa. Kva skjer: På skitur til Brokke av Anastasiia Shkilar. 🌸  
Redaksjon: Susanne Hegenscheidt. Korrektur: Ingen i denne utgåva. Byglandsnytt april 2024: 03.04., skrivefrist 26.03.*



**God påske alle samen!** 😊

### **KINO PÅ BYGLAND**

**Bygland filmklubb:** onsdag 13.03. kl. 19.00, Bygland kulturscene

## In the Land of Saints and Sinners (2023)

Aldersgrense: 15 år

Billett: 50,-

Medlemskap 2024 kjøpes i døra



## Bygdekinoen: onsdag 20.03., Bygland kulturscene

Kiosk: Framsteg 4H

### kl. 17.30: Kung Fu Panda 4 (2024; 6. år; 110 kr.)

Kung Fu-meister Po blir beden om å bli den nye spirituelle leiaren av Valley of Peace, og må finna ein ny drakekrigar, samtidig som ein ny fiende i form av ein kameleon truar.


Språk: Norsk. Sjanger: Animasjon. Lengd: 1t. 25min.



### kl. 19.30: Ibelin (2024; 9 år; 130 kr.)

Gameren Mats Steen døde av en muskelsykdom bare 25 år gammel. Foreldrene hans sørget over det de trodde hadde vært et ensomt og isolert liv, da de plutselig begynte å få meldinger fra onlinevenner av Mats over hele verden. Filmen gjenskaper det rike livet til Mats' avatar «Ibelin» i spillverdenen, på banebrytende vis.

Språk: Norsk. Sjanger: Animasjon / Dokumentar. Lengde: 1t. 44min.



## YMSE

**STOGA kulturkafé og BYGLAND  
TURISTKONTOR**, Presteneset 10,  
4745 Bygland, tlf. 907 81 105

På FB: [facebook.com/StogaAS](https://facebook.com/StogaAS)

open

- fredagar kl. 13.00 – 19.00
- sundagar kl. 11.00 – 19.00

På turistkontoret får du

- kart over Bygland og over enkelte turar
- fiske og fiskekort i Bygland / info om bomvegar i Bygland
- kaffi, vaflar, toast, is, avisar og Setesdal-bøker



Bilete: Olav Grendstad

K  
R  
A  
G

J  
O  
H  
A  
N  
N  
E  
S  
S  
E  
N

Thomas Peter Krag (1868-1913) var ein av Noregs mestseljande forfattarar på 1890-tallet, men er no nærast gløymd. Han var storebror til den langt meir kjende Vilhelm Krag, og saman med han, Gabriel Scott og Olaf Benneche, utgjorde dei det som har vorte kalla den sørlandske dikterskole. Harde Johannessen kjem i desse dagar ut med ein biografi om Thomas, og kjem òg til Stoga med bok og foredrag.

## Thomas Krag



Stoga, Bygland  
laurdag 16. mars kl. 1800

Kaféen er ope frå klokka 1700  
Inngong kr. 100. Billettar kan tingast på førehand  
[facebook.com/StogaAS](https://facebook.com/StogaAS) eller 90665459



Bygland treng fleire folk, og folk vil flytte til Bygland, men nord for Fånefjell finn dei ikkje ein plass å bu. Samstundes står mange hus tomme, og mange områder er egna for husbygging, så kva er problemet, og kva er løysinga?

Gjestar  
Jørund Kvaale Hansen – Leiar i planutvalet i kommunen (SP)  
Aslak J. Brekke, - Assisterande kommunedirektør  
(I tillegg får me bl.a. vitjing av unge folk som anten prøver eller prøvde å finne seg hus i Bygland.)

## Boligkrisestoge



**Stoga, Bygland**  
**torsdag 21. mars kl. 1800**

Inngong kr. 100,-. Førhandstinging og info på  
90665459 eller [facebook.com/StogaAS](https://www.facebook.com/StogaAS)  
Kaféen er ope frå klokka 1700





BJOREN BRYGGE  
MARS

*Meny*  
**7. Komper**  
**14. Elgsuppe**  
**21. Kjøttkaker**  
**28. Koteletter**

Fint om ein tingar på førehand 😊  
Nina 93262168

**Kong Hanes Eftf.** – onsdagar kl. 19.30  
musikkrom, Bygland skole

**Byglandsfjord barnekor** – annankvar  
mandag kl. 17.00, Fredheim bedehus,  
Byglandsfjord (11. og 25.03.)

**Bygland Hornmusikk** – kvar tysdag kl.  
18.00 på Bygland kulturscene



**Badminton i Byglandshallen** - torsdagar kl. 19.00 – 20.30. Instruktørar:  
Astrid og Steinar Carlsen / Bygland IL

**Bokkafé** på biblioteket på Byglandsfjord – tysdagar kl. 12.00

**Strikkekafé** på biblioteket på Byglandsfjord – torsdagar kl. 18.00 – 21.00

**BTW - Bygland teater workshop** for unge, torsdagar kl. 15.00 – 17.00, Bygland frivilligsentral.

Instruktører: Astrid Carlsen og Karna Emblemsvåg.



**BTW**

Eit gratis tilbod til barn og ungdom i 5. - 10. klasse  
Kvar torsdag frå kl. 15.00 - 17.00  
på Bygland Frivilligsentral.  
Mat, d'famaeik, teining, foto og andre kreative aktivitetar!

Vi har tre ledige plassar! Vil du vere med eller lurar du på kva dette er? Kontakt Astrid (97174540) eller Karna (95963272)

## Framsteg 4H

**Akedag på Haugetveit**  
Søndag 10 Mars kl 14-16

**FRAMSTEG**

4<sup>#</sup>

**Framsteg 4H: Akedag på Haugetveit** – søndag 10.03. kl. 14.00 – 16.00

Oppmøte på Haugetveit (køyr til Åraksbø og vidare opp til Haugetveit).

Ta med det du ønskjer av akebrett, ski, kjelke, rompeakebrett eller anna. Det blir skuterar med slede som vil transportere opp bakken, som i fjor.

Hugs gode og varme klede, slik at du kan bruke energien på å ha det gøy!

4H stiller med bålpanne & gratis pylser og brus.

Ta gjerne med familien din 😊

**Velkomne alle i 4H**

**Setesdal Sogelag** - torsdag 14. mars på Bygland  
kulturscene kl. 18.00 / 19.00

**Årsmøte i Setesdal Sogelag,  
lansering av årsskrift og foredrag**



Velkomen til årsmøte i Setesdal Sogelag kl. 18.00.  
Ordinære årsmøtesaker og matserving. Framlegg til  
saker kan sendast minimum ei veke før til  
unnhovden@gmail.com.

Kl. 19.00 – 20.15 inviterar vi (som sjølvstendig arrangement) til lansering av  
årsskriftet til sogelaget og foredrag av Halvor Fjermeros om Landeskogen  
sanatorium. Fjermeros har skriva hovudartikkelen i årsskriftet. Undertittel er  
«Statlig storsatsing mot «Den hvite pest»».

Vel møtt!



## KVA SKJER I BYGLAND? Mars 2024

(med atterhald om  
endringar)

**Påskeferie på skulen  
25. mars – 1. april**

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
sundag 03.03.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	16.00	Visitagudsteneste
sundag 10.03.	Haugetveit	14-16	Framsteg 4H, akedag
måndag 11.03.	Pakkbua, Byglandsfjord	11.00	Bridge-kurs
	Måndagskafé, Bygland frivilligsentral	12.00	Gamle filmar frå Bygland
tysdag 12.03.	Bygland frivilligsentral	16-18	Bygdemiddag
onsdag 13.03.	Bygland filmklubb, Bygland kulturscene	19.00	Film: In the Land of Saints and Sinners (15år)
laurdag 16.03.	Stoga kulturkafé	18.00	Thomas Krag. Bok/fore- drag Harde Johannessen
tysdag 19.03.	Byglandsheimen	14.00	Andakt
	Kirkens Nødhjelp, I heile Bygland kommune	17.00 og utover kvelden	<b>Fasteaksjon 2024:</b> Håp I ein drope vatn. – Konfirmantane kjem rundt med bøsse
onsdag 20.03.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	17.30	Film: Kung Fu Panda 4 (6år)
		19.30	Film: Ibelin (9år)
torsdag 21.03.	Stoga kulturkafé	18.00	Boligkrisestoga
sundag 24.03.	Hovatn/Åraksbø	12.00	Friluftsgudsteneste med dåp
<b>torsdag 28.03.</b>	<b>Årdals kyrkje, Grendi</b>	<b>16.00</b>	<b>Gudsteneste</b>
<b>fredag 29.03</b>	<b>Sandnes kyrkje, Åraksbø</b>	<b>19.00</b>	<b>Langfredags gudsteneste</b>
<b>sundag 31.01.</b>	<b>Bygland kyrkje</b>	<b>16.00</b>	<b>Høgtidsgudsteneste</b>



Bygland frivilligsentral: sjå s. 11/12    Open dag i Byglandsheimen: kvar onsdag, kl. 11-14

Familiebadning: tysdagar og fredagar kl. 17-20, Bygland symjehall (ikkje i ferien)